

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Per-Arne Christensen	Arkiv:	
Arkivsaksnr:	25/851 25/851-5		

Budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Eldrerådet	18.11.2025	011/25
Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting	18.11.2025	007/25
Ungdomsrådet	18.11.2025	019/25
Arbeidsmiljøutvalet	20.11.2025	002/25
Administrasjonsutvalet	25.11.2025	002/25
Formannskapet	25.11.2025	122/25

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtek budsjett 2026 , handlings- og økonomiplan 2026-2029 med budsjettskjema:

- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 første ledd
- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 første ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

(Paragrafhenvising er til «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.»)

2. Sula kommunestyre vedtek å følgje Sula kontrollutval si tilråding om ei samla budsjettramme på kr 1.600.000 for kontrollarbeidet i 2026. (Sula kontrollutval si tilråding er vedlagt i vedleggsheftet til budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029)

3. Sula kommunestyre vedtek å ta opp lån i 2026 til prosjekt i Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd med inntil kr. 250.000.000. Nedbetaling reguleres i samsvar med reglane om minste tillatte avdrag.

4. Sula kommunestyre vedtek å ta opp vidareutlån i 2026 (startlån frå Husbanken) på inntil kr. 25.000.000 (ref. Bevilgningsoversikt investering § 5-5 første ledd).

5. Sula kommunestyre gir kommunedirektør fullmakt til å ta opp likviditetslån på inntil kr. 50.000.000 ved behov.

6. Den kommunale skattesatsen for inntektsskatt og formuesskatt skal vere høgste lovlege sats.

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsette midler til lønns- og prisvekst.

8. Finansielle måltall:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal over tid minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 100% innan 2040.
- Netto lånegjeld (eksklusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (eksklusiv VAR) skal under 75% innan 2040.

9. Eigedomsskatt:

- Sula kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 2. For 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 a: "Faste eigedomar i heile kommunen".
- Eigedomsskattetaksten i 2026 blir satt til 2 promille for alle skatteobjekt.
- Sula kommunestyre vedtek å bruke bustadverdi (formuesgrunnlag) frå Skatteetaten som grunnlag for berekning av eigedomsskatt (jf eigedomsskattelova § 8 C-1). Eigedomar utan bustadverdi frå Skatteetaten må takserast.
- Eigedomsskatten skal betalast i minimum to terminar i 2026.

- Fritak:
 - Sula kommunestyre vedtek å frita eigedomane i vedlagte oversikt frå eigedomsskatt i 2026. Dette er eigedomar som blir fritatt etter eskl. § 7a («Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten») og etter eskl. § 7b («Bygning som har historisk verdi»). Eigedomane gnr/bnr 109/19, 109/518 og 109/538, Devoldfabrikken, gis eit delvis fritak (50%) for eigedomsskatt i 2026.
 - Det skal gis fritak for eigedomar iht. eigedomsskattelova § 7c for nye bustader. Fritaket skal gjelde i eit år etter at bustaden er ferdig. Fritak i 2026 gjeld for nye bustader som var ferdig i 2025. Kommunestyret delegerer vedtak i einskildsaker om fritak etter § 7c til formannskapet.

18.11.2025 Eldrerådet

Trygve Holm (Ap) la fram eit forslag til uttale:

Eldrerådet ønsker å arbeide for at eldre skal få den oppfølginga dei har krav på, uavhengig av økonomi. Eldre skal kunne vere sjef i eige liv, det skal vere trygt og godt å bli eldre i Sula kommune.

Dei demografiske endringane med høvesvis fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder som vil skje framover, vil vere utfordrande for kommunen, m.a. vil vi få mange fleire med demens enn vi har no. Denne gruppa vil trenge eit tilstrekkeleg utbygd tilbod. Samstundes er det mange eldre som vil vere friske og raske og ein stor potensiell ressurs for sulasamfunnet. Eldrerådet vil peike på nokre områder ein bør fokusere på for å møte utfordringane:

- Situasjonen for personar med demens som treng heildøgns omsorg er ikkje ideell. Kommunen har relativt få plassar til rådvelde, og mange med demens er derfor på Sulatunet eller Sloghaugvegen 28. Ein bør sjå på organisering, lokalitetar og kapasitet slik at ein får ei best mogleg demensomsorg.
- Ei betre organisering vil kunne gjere det lettare å rekruttere riktig kompetanse på rett plass, og gjere Sula kommune til ein meir attraktiv arbeidsgjevar.
- Vi bør styrke arbeidet for å bli eit demensvennleg samfunn gjennom pårørandeopplæring og opplæring av frivillige og sørvis-funksjonar i lokalsamfunnet i å møte personar med demens på ein god måte.
- Vi bør sjå på pårørandeavtalar som eit nyttig verktøy for samarbeid mellom helsetenester, pasientar og pårørande.
- Vi brukar 10 mill på vikarbyrå i året, og vi bør sjå på alternative måtar å organisere oss på, til dømes ein vikarpool, slik at vi kanskje kan redusere bruken av eksterne vikarar.
- Det hastar med å få ein god bygningsstruktur i helse- og omsorgstenestene, jamfør Agenda Kaupang, slik at vi får meir effektive tenester og vert meir attraktive i kampen om kompetent arbeidskraft.

- Vi bør styrke arbeidet med fallførebygging, kvardagsrehabilitering og trimgrupper, då dette er svært viktig for å halde eldre på beina og kunne klare seg best mogleg sjølv.
- Vi bør styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar slik som til dømes helselag og Røde Kors. Her ligg også mykje av potensialet for å mobilisere eldreressursen.

Eldrerådet vil gjerne gi sitt bidrag i dette arbeidet.

Med unntak av 5. kulepunkt, slutta eit samrøystes Eldreråd seg til dette.

- ER011/25 **Vedtak:**

Eldrerådet kjem med slik uttale til budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029:

Eldrerådet ønsker å arbeide for at eldre skal få den oppfølginga dei har krav på, uavhengig av økonomi. Eldre skal kunne vere sjef i eige liv, det skal vere trygt og godt å bli eldre i Sula kommune.

Dei demografiske endringane med høvesvis fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder som vil skje framover, vil vere utfordrande for kommunen, m.a. vil vi få mange fleire med demens enn vi har no. Denne gruppa vil trenge eit tilstrekkeleg utbygd tilbod. Samstundes er det mange eldre som vil vere friske og raske og ein stor potensiell ressurs for sulasamfunnet. Eldrerådet vil peike på nokre områder ein bør fokusere på for å møte utfordringane:

- Situasjonen for personar med demens som treng heildøgns omsorg er ikkje ideell. Kommunen har relativt få plassar til rådvelde, og mange med demens er derfor på Sulatunet eller Sloghaugvegen 28. Ein bør sjå på organisering, lokalitetar og kapasitet slik at ein får ei best mogleg demensomsorg.
- Ei betre organisering vil kunne gjere det lettare å rekruttere riktig kompetanse på rett plass, og gjere Sula kommune til ein meir attraktiv arbeidsgjevar.
- Vi bør styrke arbeidet for å bli eit demensvennleg samfunn gjennom pårørandeopplæring og opplæring av frivillige og sørvis-funksjonar i lokalsamfunnet i å møte personar med demens på ein god måte.
- Vi bør sjå på pårørandeavtalar som eit nyttig verktøy for samarbeid mellom helsetenester, pasientar og pårørande.
- Det hastar med å få ein god bygningsstruktur i helse- og omsorgstenestene, jamfør Agenda Kaupang, slik at vi får meir effektive tenester og vert meir attraktive i kampen om kompetent arbeidskraft.
- Vi bør styrke arbeidet med fallførebygging, kvardagsrehabilitering og trimgrupper, då dette er svært viktig for å halde eldre på beina og kunne klare seg best mogleg sjølv.
- Vi bør styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar slik som til dømes helselag og Røde Kors. Her ligg også mykje av potensialet for å mobilisere eldreressursen.

Eldrerådet vil gjerne gi sitt bidrag i dette arbeidet.

18.11.2025 Ungdomsrådet

Innleiingsvis i møtet fekk ungdomsrådet, i lag med Eldrerådet og Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, ei orientering om saka Budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029. Orienteringa vart lagt fram av Per Arne Christensen (fagleiar, økonomi) og Sunniva Marøy Eriksen (samfunnsplanleggar). Ungdomsrådet fekk diskutert saka etter fellesorienteringa, og kom fram til at dei vil uttale seg i saka. Uttala vart som følger:

Sula ungdomsråd har forståing for at kommuneøkonomien er utfordrande. Rådet ser at det kan vere urimeleg å be om støtte til fleire prosjekt, då dette kan gå utover andre eksisterande tilbod. Vårt ønske er at eksisterande tilbod som i stor grad påverkar barn og unge ikkje blir kutta. Dette omfattar tilbod innan psykisk helse, fritidstilbod og førebyggjande tiltak. Dette er døme på tiltak som er med på å byggje «laget rundt eleven», noko som er essensielt for dei unges oppvekst og ei investering i framtida.

- UR019/25 **Vedtak:**

Sula ungdomsråd kjem med følgjande uttale til Budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029:

Sula ungdomsråd har forståing for at kommuneøkonomien er utfordrande. Rådet ser at det kan vere urimeleg å be om støtte til fleire prosjekt, då dette kan gå utover andre eksisterande tilbod. Vårt ønske er at eksisterande tilbod som i stor grad påverkar barn og unge ikkje blir kutta. Dette omfattar tilbod innan psykisk helse, fritidstilbod og førebyggjande tiltak. Dette er døme på tiltak som er med på å byggje «laget rundt eleven», noko som er essensielt for dei unges oppvekst og ei investering i framtida.

18.11.2025 Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting

Rådet fekk informasjon om budsjett og handlings- og økonomiplan av Per Arne Christensen og Sunniva Marøy Eriksen.

Saka vart drøfta. Rådet er uroa over kva konsekvensar som dei planlagde kutta vil få for tenestene til innbyggjarane.

Samrøystes vedtak i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

- RLF007/25 **Vedtak:**

1. Sula kommunestyre vedtek budsjett 2026 , handlings- og økonomiplan 2026-2029 med budsjett skjema:

- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 første ledd
- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 første ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

(Paragrafhenvising er til «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.»)

2. Sula kommunestyre vedtek å følgje Sula kontrollutval si tilråding om ei samla budsjettramme på kr 1.600.000 for kontrollarbeidet i 2026. (Sula kontrollutval si tilråding er vedlagt i vedleggsheftet til budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029)

3. Sula kommunestyre vedtek å ta opp lån i 2026 til prosjekt i Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd med inntil kr. 250.000.000. Nedbetaling reguleres i samsvar med reglane om minste tillatte avdrag.

4. Sula kommunestyre vedtek å ta opp vidareutlån i 2026 (startlån frå Husbanken) på inntil kr. 25.000.000 (ref. Bevilgningsoversikt investering § 5-5 første ledd).

5. Sula kommunestyre gir kommunedirektør fullmakt til å ta opp likviditetslån på inntil kr. 50.000.000 ved behov.

6. Den kommunale skattesatsen for inntektsskatt og formuesskatt skal vere høgste lovlege sats.

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsette midler til lønns- og prisvekst.

8. Finansielle måltall:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal over tid minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 100% innan 2040.
- Netto lånegjeld (ekslusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (ekslusiv VAR) skal under 75% innan 2040.

9. Eigedomsskatt:

- Sula kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 2. For 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 a: "Faste eigedomar i heile kommunen".
- Eigedomsskattetaksten i 2026 blir satt til 2 promille for alle skatteobjekt.
- Sula kommunestyre vedtek å bruke bustadverdi (formuesgrunnlag) frå Skatteetaten som grunnlag for berekning av eigedomsskatt (jf eigedomsskattelova § 8 C-1). Eigedomar utan bustadverdi frå Skatteetaten må takserast.

- Eigedomsskatten skal betalast i minimum to terminar i 2026.
- Fritak:
 - Sula kommunestyre vedtek å frita eigedomane i vedlagte oversikt frå eigedomsskatt i 2026. Dette er eigedomar som blir fritatt etter eskl. § 7a («Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten») og etter eskl. § 7b («Bygning som har historisk verdi»). Eigedomane gnr/bnr 109/19, 109/518 og 109/538, Devoldfabrikken, gis eit delvis fritak (50%) for eigedomsskatt i 2026.
 - Det skal gis fritak for eigedomar iht. eigedomsskattelova § 7c for nye bustader. Fritaket skal gjelde i eit år etter at bustaden er ferdig. Fritak i 2026 gjeld for nye bustader som var ferdig i 2025. Kommunestyret delegerer vedtak i einskildsaker om fritak etter § 7c til formannskapet.

20.11.2025 Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet i Sula kommune har handsama budsjett 2026, og handlings- og økonomiplan for 2027-2029, og vil kome med følgande uttale:

Arbeidsmiljøutvalet ser at budsjettsituasjonen for Sula kommune er alvorleg og at det er lagt opp til at ein må gjere kraftfulle grep for å sikre berekraftige tenester og økonomi i tida framover.

Som ein av kommunane i landet med lågast inntektsnivå og lågast driftsutgifter per innbyggjar, er det lagt fram eit budsjett som inneber kutt på om lag 50 millionar over ein 3-årsperiode. Dette er store kutt for ein kommune av Sula sin storleik, og får konsekvensar både for tenesteutøvinga og for tilsette sitt arbeidsmiljø.

Våre tilsette, som er kommunen sin viktigaste ressurs, er avgjerande for å lukkast med nødvendige grep og omstillingsarbeid. Kutt i stillingar, som no er ein realitet, skaper uro i organisasjonen, og vi står i fare for å miste viktig kompetanse og kapasitet til å utføre tenestene våre på same nivå som før. Kutta kan også føre til at arbeidsbelastninga på dei som blir att vert større, og at det å arbeide i Sula vert mindre attraktivt.

Arbeidsmiljøutvalet vil understreke at det no er viktig å halde seg til planen som er lagt for å få kommunen tilbake i økonomisk balanse, og vil advare mot å svekke inntektsgrunnlaget ytterlegare.

Uttalen vart samrøystes vedtatt.

- AMU002/25 Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet ser at budsjettsituasjonen for Sula kommune er alvorleg og at det er lagt opp til at ein må gjere kraftfulle grep for å sikre berekraftige tenester og økonomi i tida framover.

Som ein av kommunane i landet med lågast inntektsnivå og lågast driftsutgifter per innbyggjar, er det lagt fram eit budsjett som inneber kutt på om lag 50 millionar over

ein 3-årsperiode. Dette er store kutt for ein kommune av Sula sin storleik, og får konsekvensar både for tenesteutøvinga og for tilsette sitt arbeidsmiljø.

Våre tilsette, som er kommunen sin viktigaste ressurs, er avgjerande for å lukkast med nødvendige grep og omstillingsarbeid. Kutt i stillingar, som no er ein realitet, skaper uro i organisasjonen, og vi står i fare for å miste viktig kompetanse og kapasitet til å utføre tenestene våre på same nivå som før. Kutta kan også føre til at arbeidsbelastninga på dei som blir att vert større, og at det å arbeide i Sula vert mindre attraktivt.

Arbeidsmiljøutvalet vil understreke at det no er viktig å halde seg til planen som er lagt for å få kommunen tilbake i økonomisk balanse, og vil advare mot å svekke inntektsgrunnlaget ytterlegare.

25.11.2025 Administrasjonsutvalet

Representantane frå arbeidstakarorganisasjonane la fram følgande innspel til administrasjonsutvalet:

"Fagforeiningane ønskjer å gjere det heilt klart at situasjonen i Sula kommune er alvorleg. Uro, svekt motivasjon og manglande tryggleik pregar no heile organisasjonen og påverkar både arbeidsmiljøet og evna til å levere tenester. Den overordna faktoren er den krevjande økonomiske situasjonen vi står i, og kor pressa tenestene er som følgje av dette.

Vidare er fagforeiningane særleg uroa over at kommunen gjennomfører omfattande omstilling og nedbemanning utan tilstrekkeleg talgrunnlag eller konsekvensvurderingar. Til dømes kva kjøp av tenester kostar i forhold til å halde på egne tilsette.

Signala om både tenestekjøp, samarbeid med andre kommunar og verksemdoverdraging med Ålesund kommune, skaper ytterlegare utryggleik og det er uklart kva som blir den reelle innsparinga.

Fagforeiningane er uroa over tempoet i omstillingsarbeidet. Vi meiner det vil være fornuftig om arbeidet med omstilling og nedbemanning blir tilstrekkelig utgreidd.

Summen av alt er belastande, og risikoen for kompetanseflukt aukar.

Samla sett er fagorganisasjonane bekymra for at vi tilslutt har bygd ned så mykje at Sula kommune vil ha vanskar med å levere tenester, og i ytterst konsekvens vanskar med å stå att som ein sjølvstendig kommune.

Politikarane har no eit særleg ansvar for å sikre forsvarleg drift, tryggleik for dei tilsette og stabile tenester til innbyggjarane i framtida."

Arbeidstakarrepresentantane peikte på at ein kan bruke administrasjonsutvalet meir aktivt. Ordførar minna om at alle utvalsmedlemmane kan be om at det blir gjennomført møter i administrasjonsutvalet.

Det var ei runde med spørsmål og svar, bl.a. om innspelet frå arbeidstakarorganisasjonane. Saka vart drøfta.

Saka vart samrøystes tatt til vitande.

- ADM002/25 **Vedtak:**

Saka vart tatt til vitande.

25.11.2025 Formannskapet

Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Dersom Sula kommunestyre vedtek å opne opp att 4 institusjonsplassar ved Sulatunet, ref. F-sak 131/25, må kommunestyret finne inndekning av kostnadane dette fører med seg

Plassane skal primært nyttast til personar med demenssjukdom.

Budsjettendringar:

Ansvar	Konto	NOK 2026 10 mnd	NOK 2027	NOK 2028	NOK 2029
1.3	Ramme Sulatunet	2.100.000	2.515.000	2.515.000	2.515.000
		- 2.100.000	-2.515.000	-2.515.000	-2.515.000

Forslaget vart samrøystes vedtatt.

- F122/25 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek budsjett 2026 , handlings- og økonomiplan 2026-2029 med budsjettskjema:

- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 første ledd
- Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 første ledd
- Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

(Paragrafhenvising er til «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.»)

2. Sula kommunestyre vedtek å følgje Sula kontrollutval si tilråding om ei samla budsjettramme på kr 1.600.000 for kontrollarbeidet i 2026. (Sula kontrollutval si tilråding er vedlagt i vedleggsheftet til budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029)

3. Sula kommunestyre vedtek å ta opp lån i 2026 til prosjekt i Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd med inntil kr. 250.000.000. Nedbetaling reguleres i samsvar med reglane om minste tillatte avdrag.

4. Sula kommunestyre vedtek å ta opp vidareutlån i 2026 (startlån frå Husbanken) på inntil kr. 25.000.000 (ref. Bevilgningsoversikt investering § 5-5 første ledd).

5. Sula kommunestyre gir kommunedirektør fullmakt til å ta opp likviditetslån på inntil kr. 50.000.000 ved behov.

6. Den kommunale skattesatsen for inntektsskatt og formuesskatt skal vere høgste lovlege sats.

7. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele sentralt avsette midler til lønns- og prisvekst.

8. Finansielle måltall:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal over tid minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 100% innan 2040.
- Netto lånegjeld (ekslusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (ekslusiv VAR) skal under 75% innan 2040.

9. Eigedomsskatt:

- Sula kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 2. For 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 a: "Faste eigedomar i heile kommunen".
- Eigedomsskattetaksten i 2026 blir satt til 2 promille for alle skatteobjekt.
- Sula kommunestyre vedtek å bruke bustadverdi (formuesgrunnlag) frå Skatteetaten som grunnlag for berekning av eigedomsskatt (jf eigedomsskattelova § 8 C-1). Eigedomar utan bustadverdi frå Skatteetaten må takserast.
- Eigedomsskatten skal betalast i minimum to terminar i 2026.
- Fritak:
 - Sula kommunestyre vedtek å frita eigedomane i vedlagte oversikt frå eigedomsskatt i 2026. Dette er eigedomar som blir fritatt etter eskl. § 7a («Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten») og etter eskl. § 7b («Bygning som har historisk verdi»). Eigedomane gnr/bnr 109/19, 109/518 og 109/538, Devoldfabrikken, gis eit delvis fritak (50%) for eigedomsskatt i 2026.
 - Det skal gis fritak for eigedomar iht. eigedomsskattelova § 7c for nye bustader. Fritaket skal gjelde i eit år etter at bustaden er ferdig. Fritak i 2026 gjeld for nye bustader som var ferdig i 2025. Kommunestyret delegerer vedtak i einskildsaker om fritak etter § 7c til formannskapet.

10. Dersom Sula kommunestyre vedtek å opne opp att 4 institusjonsplassar ved Sulatunet, ref. F-sak 131/25, må kommunestyret finne inndekning av kostnadane dette fører med seg

Plassane skal primært nyttast til personar med demenssjukdom.

Budsjettendringar:

Ansvar	Konto	NOK 2026 10 mnd	NOK 2027	NOK 2028	NOK 2029
1.3	Ramme Sulatunet	2.100.000	2.515.000	2.515.000	2.515.000
		- 2.100.000	-2.515.000	-2.515.000	-2.515.000

Kortversjon av saka:

I kommunelova § 14-2 bokstav a, står det at kommunestyret skal vedta økonomiplan og årsbudsjett. I kommunelova § 14-3 første ledd, står det at økonomiplanen for dei fire neste åra og årsbudsjett for det komande året skal vedtas før årskiftet. I "Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner" § 5-1 første ledd, står det kva for oppstillingar som økonomiplanen og årsbudsjettet skal innehalde.

Saksopplysningar:

Budsjettdokument følger som vedlegg til saka.

Vurderingar og konklusjon:

Kommunedirektøren sine vurderingar framgår av vedlagte budsjettdokument.

Tittel	Dok.ID
Budsjett 2026, handlings- økonomiplan 2026-2029	803721
Vedlegg til budsjett 2026, handlings- og økonomiplan 2026-2029	803722
Eigedomer fritatt frå eigedomsskatt for 2026 etter eskl §7a og §7b	803723